

RETT FORMEL TIL MJØLKEKYR



Foto: Marianne Linda Schjølberg

FORMEL

Finn FORMEL-kraftfôret som passer din produksjon!

Figuren viser hvor stor vekt det er lagt på de forskjellige egenskapene i de ulike blandingene.

	Høg ytelse	Høg fettprosent	Høg proteinprosent
FORMEL Favør	+	+	+
FORMEL Elite	++	+++	+++
FORMEL Energi Basis	+++	+	+
FORMEL Energi Premium	++++	++	++
FORMEL ProFet	++	++++	++
FORMEL Optima	++++	+	+++

Velg tallkode utifra høstetid og proteininnhold i grovfôret.

	Proteininnhold mellom 11 og 14 prosent	Proteininnhold mellom 14 og 17 prosent	Proteininnhold over 17 prosent
	Seint høsta grovfôr	Middels høsta grovfôr	Tidlig høsta grovfôr
Tallkode	70	80	90

Les mer på **fkra.no** eller ta kontakt med en av våre konsulenter på storfe.



Storpolitisk grunnstoff

SOMME AV PROBLEMA menneskeslekta står andsynes er så altomfattande at me knapt er mentalt rusta til å fatta dei, langt mindre handla for å verge oss mot dei. Klimaendringane er det opplagte dømet. Den komande mangelen på fosfor er ei anna, men langt mindre omtalt utfordring.

Alt liv avheng av fosfor. DNA'et vårt og genene våre er priggitt dette grunnstoffet, som er like viktig som vatn, karbon og oksygen. Alle bønder veit at utan fosfor, kan me ikkje produsera mat.

MANGE FORSKARAR hevdar at dei globale fosforreservane vil tømast innan 100 år. I alle fall om me ikkje endrar måten me bruker fosfor på, i det globale matsystemet. Sjølv om reservane skulle vara lengre, er det all grunn til å vera føre var, for:

- medan fosforreservane minkar, veks etterspurnaden. I 2050 vil verda ha om lag ni milliardar munnar å metta, mange av dei vil etterspørja fosforintensive produkt som kjøt og mjølk.

Ikkje berre minkar det på fosfor, reservane er også av lågare kvalitet, ofte fulle av tungmetall som kadmium. Reinsking av fosfor er energiintensivt og kostbart.

Aukande mangel på fossile brennstoff i framtida, stiller også spørsmålsteikn ved bærekrafta i å utvinne, foredla og transportera fosfor til gjødsel og kraftfor over heile kloten.

EIT MISFORHOLD mellom tilbod og etterspurnad kan lett også bli eit tryggingpolitisk spørsmål. Alle bønder treng fosfor, men berre fem land kontrollerer 88 prosent av reservane, fleire av dei med ustabile regime (Marokko, Kina, Algerie, Syria og Sør-Afrika). Marokko aleine kontrollerer 75 prosent av dei beste reservane. Dette inneber at alle importland, Noreg inkludert, er sårbare for prisvariasjonar og stopp i leveransar.

GLOBALT ER DET også mange bønder som ikkje har råd til gjødsel. I 2008 skaut fosforprisen til him-



mels med 800 prosent. Bondeopprør braut ut frå India til Haiti. Få faktorar utgjer så stor risiko for sosial uro og vald som matmangel og høge prisar.

Fosforreservane minkar ikkje berre fordi det er ein avgrensa ressurs, men også grunna massivt sløseri. Globalt går fire femdelar av stoffet tapt på vegen frå gruva til gaffelen, og endar opp i vatten og jord som forureining. I denne utgåva av Bondevennen skriv me om forskarar på Jæren som freistar å bota på dette problemet.

FOR DET FINNS løysingar. Ideen om gjenbruk og resirkulering basert på sirkulærøkonomiske prinsipp, der ressursane blir verande lengre i krets-løpet, har fått fotfeste, ikkje minst i EU. Den norske gjødselvarforskrafta blir no revidert mot dette bakteppe. Det ligg også eit stort potensial for betre ressursutnytting av fosfor i slam frå fiskeoppdrett og i organisk avfall.

Betre utnytting av fosfor inneber at mindre hamnar på avvege som

forureining. Med betre utnytting kan også importen av mineralsk fosfor kunne reduserast, og me vil bli mindre sårbare.

TRASS I AT FOSFOR er ein av verdas mest kritiske ressursar, finns det førebels ingen internasjonale organ eller regelverk som skal sikra oss tilgang til stoffet framover. Noreg har heller ingen strategi. Vonleg blir fosforutfordringa løfta fram i regjeringa sin varsla Bioøkonomistrategi. Men eventuelle tiltak i Noreg er ikkje nok. Spørsmålet er om fosfor, til liks med klimaendringane, snart også må bli tema i tryggingpolitiske vurderingar og strategiar.



**Bothild
Åslaugsdatter
Nordsletten**

bothild@bondevennen.no

Redaktør



Bothild Åslaugsdotter
Nordsletten
bothild@bondevennen.no
Tlf.: 51 88 72 60/990 01 012

Redaksjonen



Sjur Håland (konst. red. leder)
sjur@bondevennen.no
Tlf.: 51 88 73 44/982 09 381



Liv Kristin Sola
livkristin@bondevennen.no
Tlf.: 51 88 72 64



Jane Brit Sande
janebrit@bondevennen.no
Tlf.: 51 88 72 63



Anna Stangeland
anna@bondevennen.no
Tlf.: 51 88 72 75/416 36 217

Grafisk



Sten Torgeir Solberg
sten@bondevennen.no
Tlf.: 51 88 72 65



Thea Hjertuslot
thea@bondevennen.no
Tlf.: 51 88 72 65

Abonnement



Ann Solfrid Woldmo
ann@bondevennen.no
Tlf.: 51 88 72 61

Annonser



Grete Botnan
grete@bondevennen.no
Tlf.: 51 88 72 61



Framsida

Med glimt i auge, trillande latter og ein slåande kommentar på lur, går arbeidet unna for Oline. Men det har ikkje berre vore lyse og lette dagar heime hjå Oddfrid Bakke og barna på Bakke, i Hornindal, i Sogn og Fjordane.

Foto:
Liv Kristin Sola

Denne veka i Bondevennen

Oddfrid Bakke, slaktegrisprodusent på garden Bakke, Hornindal kommune, Sogn og Fjordane. Aleinemor til Nils, Kristen og Oline. Etter å ha kjempa seg fram, ikkje heilt utan hinder, er ho endeleg bonde på heimegarden.

Maj-Lena Knutsen og Jostein Hellevik er folka bak Dalen villmarkssenter, Dalen i Telemark. Dei er i ferd med å skapa seg ein leveveg basert på magiske natur-opplevingar.

Fosfor har vore mest kjend som både plantenæring og forureiningsmerksemd. Dei siste åra har merksemda auka, særleg den avgrensa tilgangen på det. Det skal no forskast på, blant anna, kva som skjer med fosforet i gjødsellageret med ulike tilsetningar, og korleis næringsstoffet kan nyttast maksimalt til plantene.

Regionskonferansen til Norsvin gjekk av stabelen under Agrovisjon-helga. Utfordringane med overproduksjon og dårleg omdømme vart ein sentral del på programmet.

I vekas fagartiklar får du lese om førebygging av mjølkefeber, og om kjemiske middel mot lyssiv og knappsiv.

REPORTASJAR

Ikkje heilt utan hinder 10

Bygdenæring i Dalen20

FAGLEG

Forebygging av mjølkefeber lønner seg 14

Kjemiske middel mot lyssiv og knappsiv..... 16

AKTUELT

Omdømmeproblem og overproduksjon 6

Trenger mer kunnskap om fosfor 8

Åleine på garden – kva no?..... 24

DESSUTAN

God helg 17

Skråblikk:

Tilsyn på garden?

Ja takk, men... 18

Advokaten:

Kan gamle bruksretter fjernes?..... 22

Årets avløsere 2016..... 25

BvLoggen:

Ubedne gjester..... 26

Faglag og møte 27

Turistmål

For 100 år sidan

Blandkorn og anden blandsæd

Den som dyrker korn væsentlig for eget bruk bør utan tvil gi blandede sædarter større plads end nu vanlig. Der avles nemlig paa den maate meget mer pr. maal. Dyrkingen blir fordelagtigere. Hvert kg. korn blir billigere og i mange henseender blir den likesaa nyttig. Dette er ting, som man fra gammel tid har visst god besked om. Blandkornet var engang meget almindelig. Men da det særlig fra syttiaarene av begyndte at gaa sterkt tilbage med vor kornavl, gik det ganske særlig ut over blandkornet.

Frå BV 19 - 1916

For 50 år sidan

Framføre ny plantevern sesong

Ein ny veksesesong står for døra, og vi kan sjå optimistisk framover etter ei sær s lagleg våronn. Men som alltid før vil vi også i år måtta verja kulturane våre mot ugras, insekt, soppar og andre organismar som snyltar på nytteplantane våre. Og ingen gong i historia har vi vel hatt så mange kjemiske hjelpemiddel til rådvelde til dette arbeidet som i vår. Men heller ingen gong tidlegare har vel heller allmenta vore så interesserte i kva slags middel vi nyttar i moderne plantevern, og korleis vi nyttar dei. Begge desse fakta gjer oss både glade og skræmde. Konklusjonen kan ikkje bli annan enn at vi må nytta desse driftsmidla rett.

Frå BV 19 - 1965